

Frå landeveg til kunstgras

Eikanger IL gjennom 50 år – 1952-2002

Stanley Hauge



Eikanger idrettslag - 2003

Utgjevar:
Eikanger idrettslag
© Stanley Hauge

Innhald


Sats og utforming:
Stanley Hauge
Trykk:
Trykkservice, Knarvik

ISBN: 82-996644-0-3

Skipinga av Eikanger IL – det første tiåret	5
<i>Friidrett</i>	
1960-åra – framgang og vekst, mange gutar og jenter kjem med	9
Glanstida for friidretten — frå 1970 til tidleg 1980-tal	13
4 x hoppcupvinnar – 1978-81	33
Færre aktive, gode enkeltresultat	35
Terje Totland – vår suverene einar	38
<i>Fotball – av Svein Nesbø og statistikk ved Bjørn Dyrkolbotn</i>	
Frå kampar på nyslegne myrar til kunstgrasbana på Ostereidet	42
Bjørn Dyrkolbotn med 260 A-kampar	50
Per Arne Dalland på måltoppen	52
<i>Andre idrettar:</i>	
Stor interesse for skisporten trass varierende vintrar	53
<i>Av Kristian Bjørge, Asle Hindenes og Stanley Hauge</i>	
Turorienteringa samlar flest	60
<i>Av Leiv Eidsnes</i>	
Volleyball: Ungt damelag på topp i 1978 –	
herrelaget dominerte trimserien på 1980-talet	62
Korgball mellom skulekrinsane	64
Symjing	64
Idrettsmerket	64
Turnaktivitet i ti år	65
Idrettsskulen – allsidig idrettsaktivt for 5-12 åringar	66
Anlegga: Frå utstillingsplassen til Ostereidet idrettspark	67
Innsats for inntekter	74
Osterfjorddagane — samla publikum og kroner i tusental	75
Osterfjordløpet – konkurranse og trim	81
Vinterkarusellen – trimtreff for mange	83
Eikangerløpet avsluttar banesesongen	84
Leiarar i Eikanger Idrettslag 1952-2002	85
Heidersteiknet – EIL si høgaste utmerking	86
Nordhordlandsprisen	86
<i>Resultat og statistikkar - av Arvid Hauge</i>	
Friidrettsprestasjonar Eikanger IL 1952-2002	88
Klubbkampar i friidrett Eikanger IL 1952-2002	89
Individuelle KM-medaljar i friidrett 1952-02	91
Eikanger IL sine krinsmeistrar i friidrett 1952-2002	92
Klubbrekordar i friidrett Eikanger IL	94
Friidrettsstatistikk – besteresultat Eikanger IL, pr. 1.12.2002	102
Prolog Eikanger IL 50 år – 1952-2002, Strilatun 27.4.2002	110
<i>Av Arnfinn Hellevang</i>	
På (fri)idrettsbana og bak kamera	111
Kjelder til boka	112
<i>Artiklar der forfattar ikkje er oppgjeven, er skrivne av Stanley Hauge.</i>	

«Det dypeste svik er det
du gjør mot deg selv,
dersom du ignorerer de
evner og anlegg du har.»

(Liv Arnesen, sørpolfarar
i boka «Snille piker går
ikke til Sydpolen».)



Høgdepunktet — 2,19 på Ostereidet og OL-plass

«Da Terje Totland den flotte
sommarkvelden 10. juli 1976 svinga seg
over 2,19 i høgde på nyinnkjøpte
tillaupsmatter på den eitt år gamle bana
på Ostereidet – og kvalifiserte seg til OL –
var det høgdepunktet i Eikanger IL si
knappt 25 år gamle søge. Og er det
framleis.»

Fra utstillingsplassen til Ostereidet idrettspark

Tittelen på jubileumsskriftet, «Frå landeveg til kunstgras», teiknar spennet i kva baner og anlegg Eikanger IL har kunna nytta og korleis dette har endra seg på 50 år. Alternativt og like dekkande ville det vore om tittelen var «Frå utstillingsplassen til Ostereidet idrettspark».

Gutegjengen som skipa Eikanger IL i 1952, hadde korkje bane eller idrettshall som kunne nyttast og inspirera til aktivitet. Treningstilhøve, utstyr og materiell var det slett ikkje så rart med dei første åra.

Utstillingsplassen og landevegen

Utstillingsplassen, kyraplassen, ved «Bøndernes hus» øvst i Liabrekka på Eikanger, var første treningsstaden. Her vart det hoppa og kasta mellom piggrådsgjerde og gjerdestaur. Banetilhøva la ingen dempar på innsats og lysta til aktivitet. Tvert imot, utstillingsplassen vart rekna for å vera ei meir enn alminneleg god bane.

Innetrening var det ikkje dei første åra. Så sesongen var ute frå vår til seinhaustes. Landevegen var sprintbane og lengre laup vart sprunge på vegen eller bøane. Bøane på Myhr, Eidsnes og Bjørge vart nytta.



Skuleplassen på Eikanger

Kring 1955 vart skuleplassen på Eikanger teken i bruk både til trening og tevlingar. Denne plassen på ca. 40 x 25 meter vart nytta til hopp og kastøvingane kula, diskos og slengball. 60m og 100m vart sprunge på vegen ved «Hamrane», eller som Arne Høyland song i visa til 50-årsjubileet «på vegen nord om fru Kårbø sitt hus».

I skulen på Eikanger, som var bygd i 1953, var det ein liten gymnastikksal. Denne tok idrettslaget i bruk til trening midt på 1950-talet.

Arbeid for bane

Tanken om å få bygd ei idrettsbane kom vel om lag samstundes som laget vart skipa. Kanskje utstillingsplassen kunne byggjast ut til bane? Denne tanken vart forkasta. Andre stader i Eikangerbygda vart sett på.

I 1953-54 vart det arbeid med planar om ein idrettsplass bort mot Eikjekletten, vest for Liavatnet, på Eivind Hagesæther sin eigedom. Hamre kommune, som Eikanger den gongen hørde til, fekk frådelt og kjøpte der i 1954 ca. 10 mål utmark. Leikvoll skulle vera namnet på idrettsplass som skulle koma her.

På denne myra øvst i Liabrekken på Eikanger var den første treningsstaden til gutane som starta Eikanger IL i 1952. Bøndernes hus som stod her ved utstillingsplassen er no rive.




Skuleplassen ved Eikanger skule gjorde nytte som bane for Eikanger IL frå midten av 1950-talet til aktiviteten vart flytta til Ostereidet i slutten av 1960-åra.

ANLEGGGA



I dette området (innringa) bort mot Eikjekletten på Eikanger vart det planlagt og starta arbeid på bane for Eikanger IL. Mange hadde teikna seg for dugnad.



Skulane med skuleplassar og gymnastikksalar har vore avgjerande for aktiviteten til Eikanger IL. Under: Kløvheim skule. I høgre spalte oppifrå: Stranda skule, Leiknes skule og Romarheim skule.



Så galdt det å koma i gang med arbeidet. Me gjekk rundt i bygdene og teikna dagsverk – til saman 235. Eg trur det var få som ikkje teikna seg for dagsverk, minnest Leiv Eidsnes.

Dugnadsarbeidet starta i 1956. Bane ville idrettsgutane ha snarast, og byrja på den. Men for å få maskiner og reiskapar fram til baneområdet, måtte det veg til først. Dermed vart det vegarbeid. Ein stor jobb i seg sjølv. Då vegen var delvis opparbeidd, var det mykje godt slutt på arbeidslysta også. Ein del rydjing, boring, skyting og planering på bana vart utført, hovudsakleg av Kristian Bjørge og Olav Fyllingsnes.

Etter at arbeidet med bana vest for Liavatnet hadde stilna av i 1957, vart det ny interesse for å laga utstillingsplassen til treningsbane. Hamre kommune fekk på nyåret i 1961 500 kr i tilskot frå fylkesidrettsnemnda til planlegging av bane på Eikanger. I referat frå Hordaland fylkesidrettsnemnd si synfaring på Eikanger 7. september 1961 heiter det at på utstillingsplassen sikkert vil vera råd å få ein idrettsplass på 50 x 90 m med løpebane på 120 m og turvande hoppegroper og kastfelt. Lenger kom ikkje desse spede planane.

SKULANE

Det høyrer også med til saga at grunn-eigaren i 1983 fekk kjøpa attende bane-tomta vest for Liavatnet. Veg- og grunnarbeidet som var utført, gjorde tomta attraktiv til andre føremål – som hytte- og husbygging.

Nye skular med gymnastikksalar

Først på 1960-talet vart det bygd nye skular på Ostereidet (1961) og Kløvheim (1965). Begge stadane kom det gymnastikksalar som var større og betre enn den på Eikanger. Begge stader vart det starta treningsparti. Ostereidet vart ganske snart den samlande treningsstaden for laget. Dette hadde samanheng med at ungdomsskulen for krinsane Kløvheim, Eikanger, Ostereidet, Stranda og Romarheim/Urdal vart plassert her.

Den aukande aktiviteten i idrettslaget heng klart saman med dei nye gymnastikksalane som kunne nyttast av idrettslaget utanom skuletida. Like eins gav dei nye leikeplassane ved skulane betre høve enn før til å driva idrett, jamvel om det må seiast at grusen og sanden som vart nytta til dekke på banene ikkje nett var tenleg til føremålet.

Også ved skulane på Stranda (frå 1968) og seinare på Leiknes kom det i gang treningsparti med aktivitet årleg frå seint på hausten til fram mot sommarferien. Det same skjedde då den nye Romarheim/Urdal skule vart bygd (1987).



BANE PÅ OSTEREIDET

Skuleplassen på Ostereidet

Ved skulen på Ostereidet var det grovplanert ein leikeplass på 80 x 44 m. På eit område på 60 x 44 m av leikeplassen var det lagt på sjøsand utan bindemiddel. Frå slutten av 1960-åra vart dette hovudbana til Eikanger IL. Heller ikkje denne plassen heldt mål til sprintbane, laust og ujamt som dekket var. Til 60m og 100m vart såleis landevegen framfor skulen nytta.

Rundt leikeplassen, med forlenging ut over det grusa området, vart det laga til ei rundlaupsbane på vel 180m. Her vart det i mangel av betre alternativ sprunge 800m og andre mellomdistansar.

Bane på Ostereidet

Midt på 1960-talet tok idrettslaget opp ynskje om å få bygd ut leikeplassen på Ostereidet til idrettsbane. I 1968 var det synfaring med m.a. representantar frå Lindås kommune. Kommuneingeniørkontoret vart pålagt å planleggja arbeidet med ei treningsbane på 50 x 100m.

Etter oppmoding frå Eikanger IL vedtok kommunestyret i 1969 å oppheva det gamle vedtaket frå Hamre kommune om å byggja idrettsbane vest for Liavatnet på Eikanger. I staden vedtok kommunestyret at treningsbane skulle byggjast på Ostereidet. Den 26. september 1969 godkjende eit samrøystes kommunestyre plan for ei treningsbane på 60 x 105 m + 10 x 15 m. Kostnadsoverslaget var på 144 000 kr og det vart søkt om tippemidlar til bana.

Svaret frå STUI (Statens ungdoms- og idrettsutval) var at Lindås ikkje fekk midlar



til fleire anlegg før bana på Seim, som det var løyvd tippemidlar til, vart gjort ferdig.

Hausten 1970 kom planane om treningsbane på Ostereidet på ny opp i formannskap og kommunestyre. No melde også idrettsplassnemnda i Alversund seg på med planar om bane. Dette førte til at kommunestyret ikkje ville ta stode til søknadene frå Ostereidet og Alversund før det låg føre ei vurdering for heile kommunen. Ungdoms- og idrettsutvalet og Ole Seim (Ap) frå formannskapet fekk i oppdrag å koma med eit slik vurdering til formannskapet.

Nemnda si prioritering vart: 1. Treningsbane på Ostereidet. 2-3. Sentralidrettsanlegg i Knarvik og på Lindås. 4. Andre anlegg i kommunen.

Kring 1970 var det også trong for å utvida og fornya skuleanlegga på Oster-

ANLEGGA

Ved å grusa ein halvsirkel utanfor den eine enden av skuleplassen på Ostereidet greidde ein å få til ei rundlaupsbane til 800m og lengre løp. Her er ei anleggsbrakke komen på plass i samband med bygginga av den nye bana og idrettsbygget.

Nede til venstre: Sprintløpa vart haldne på vegen framfor ungdomsskulen. Her er Bjørn Jakob Bjørsvik klar i startgruppa til ære for fotografen.



STUI-skepsis

«Vi stiller oss i det hele tatt tvilende til rundlaupsbane på en så relativt liten baneflate som det her er tale om.»

Slik skreiv Statens ungdoms- og idrettskontor 16.1. 1975 i svar til idrettskonsulenten i Hordaland om den planlagde bana på 60 x 120 m på Ostereidet.

Ettertida har vel vist at her tok STUI grundig feil. Bana på 293,3 m på Ostereidet har vore til svært god nytte både til trening og stemner. Ostereidet idrettsbane vert rekna for å vera ei svært trivleg og god bane for dei fleste distansar. Litt svingproblem er det for raske folk på 200m og 400m.

ANLEGGGA



Idrettsbygget på Ostereidet stod klart til bruk i 1975.

Byggjenemnda

Bygginga av idrettsbana var ein del av den samla utbygginga av skulen på Ostereidet. Leiar i byggjenemnda for heile utbygginga var Mons Veland. Med seg i nemnda hadde han Einar Helland, Jostein Vike, Leon Veland, Ruth Eknes og Bjørgmund Nordanger (styrar ved Ostereidet ungdomsskule).

Bana på Ostereidet er praktisk tala klar til bruk i 1975. Rune Marthinussen (t.v.) og Svein Nesbø merkjer og gjer klar til fotballkamp.



eidet. Desse planane måtte sjåast i samheng med planane om treningsbana, då dei delvis kunne koma i konflikt med kvarandre.

23. oktober 1970 var det eit fellesmøte mellom skuleadministrasjonen, Eikanger IL og idrettsutvalet i kommunen. I ei felles fråsegn frå møtet heiter det 1) at ein i prinsippet vil ha ei bane på 60 x 105 m, men at ei bane på 50 x 105 m er tenleg for skulen og idrettsføremål. Det var også semje om at 2) kommunen måtte kjøpa grunn og 3) at vegen rundt leikeplassen, mellom ungdomsskulen og barneskulen, måtte gjerast ferdig.

21. desember 1972 vedtok kommunestyret å halda på vedtaket om at bana skulle vera 50 x 105 m + 6 x 15 m. Spørsmåla om kjøp av grunn og vegen rundt leikeplassen vart utsette. Men samstundes vedtok kommunestyret eit eige punkt om å skunda på saka.

Spørsmålet om storleiken på bana og plasseringa i høve til eksisterande og planlagde skulebygningar var viktig. Lindås

1975 EIT MERKEÅR

skulestyre rådde 21. mars 1973 til at kommunestyret skulle godkjenna planane med den storleik som er nemnt ovanfor, eventuelt kunne laupebana flyttast vestover mot staden der idrettsbygget no ligg.

For Eikanger IL som hadde friidrett som hovudidrett på denne tida, var det svært viktig å få rundlaupsbane. For å få det til måtte baneflata helst vera minst 60 m brei.

19. februar 1974 vedtok kommunestyret å byggja idrettsbana med måla 60 x 105 m + 6 x 15 m. Men vedtaket vart ikkje gjort utan kamp og kostnad for idrettslaget, heiter det i klubbavisa «Eikern» sitt vårnummer 1974.

Vidare i «Eikern» heiter det: «For i det heile å ha ein liten sjanse til å tø opp det «hardbarka» kommunestyret, måtte idrettslaget ta på seg å byggja ferdig vegen austom idrettsbana frå ungdomsskulen og opp til barneskulen. Dette er kanskje ei større oppgåve enn laget maktar. Men idrettslaget såg diverre ikkje annan utveg for å få bana 60 m brei.»

Idrettslaget tok snart fatt på arbeidet med vegen, og fekk det unna slik avtalen med kommunen var.

For friidrettslaget som Eikanger IL var på denne tida, var det viktig å få ei bane der ein i tillegg til sprint, hopp og kast også kunne springa lengre distansar. Med vedtaket om 60m breidde på bana, kunne ein få til ei rundlaupsbane – men den ville ikkje verta stort meir enn 250 m lang.


Hausten 1974 og vinteren 1974/75 vart det arbeidd intenst for å få bygd bana på 60 x 120 m med rundlaupsbane med raudstubb. Etter at idrettslaget vedtok å yta 10 000 kr til dette, vedtok kommunestyret denne løysinga. Både byggjenemnda og kommunestyremedlemene frå området til Eikanger IL gjekk inn for dette. Og slik vart det. Då bana stod ferdig, var det med ei rundlaupsbane på 293,3 m.

1975 eit merkeår

6. august sommaren 1975 kunne Eikanger IL for første gong utkjempa ein lagkamp i friidrett på eiga bane. Motstandar var Breim IL frå Nordfjord. Ramma rundt stemnet kunne ikkje vore betre, men solskin, varme og gode baneforhold. Leif Veland slo til med ein sterk serie: 100m – 11,2, lengde – 6,66, tresteg – 14,58.

Resten av sesongen vart det skipa til ei rekkje friidrettsstemner på bana med god deltaking og gode resultat. Fotballkampar vart det også arrangert ei rekkje av. Så 1975

STEMNEKONTOR, SEKRETARIAT



står utan tvil som eit merkeår i saga til Eikanger IL.

Samstundes med at bana vart bygd, vart også idrettsbygget med gymnastikksal og symjebasseng førte opp. Også desse vart tekne i bruk i 1975. Gymnastikksalen på vel 200 kvm. gav betre tilhøve for innetreninga, særleg for volleyballen, og symjebassenget på 12,5 m var eit nytt kjærkome tilbod for mange.

Stemnekontor

Ei sakn ved bana på Ostereidet var eit tenleg stemnekontor, sekretariat som det ofte vert kalla, og klubbhus. Osterfjorddagane som vart skipa til for første gong i 1980, hadde også trong for lokale både under førebuingssarbeidet og ikkje minst messehelga. Inntektene frå Osterfjorddagane sette idrettslaget i stand til å byggja stemnekontor.

Eit ekstraordinært årsmøte i laget, 29. april 1983, vedtok å byggja stemnekontor. Det vart gjort nødvendige avtalar med kommunen. Bygningen skulle reisast som ei forlenging av den fløyen av ungdomsskolen som ligg opp mot idrettsbana.

Byggjenemnda arbeidde flittig og til Osterfjorddagane 18. juni 1983 stod råbygget klart. Det vart til stor hjelp både messehelga og ved tilskipingar på bana resten av sesongen. Men det skulle ta enno eit par år før bygget var ferdig innreidd.

«Laget har god von om å få tippemidlar til stemnekontoret,» heiter det i årsmeldinga frå hovudstyret i 1983. Slik gjekk det slett ikkje. Og årsaka skulle vera at det ikkje var toalett for funksjonshemma i bygget. At det

heller ikkje var toalett for nokon andre, men at ein skulle nytta toaletta ved skulen, talde visst ikkje i den samanheng.

I 1991 vart det gjennomført ei opprusting av bana på Ostereidet. Kommunen løyvde då også midlar til materialar til eit reiskapshus som vart reist på dugnad.

Skianlegg

I 1990 var det arbeidd med ei lysløype på Gamlesætra i Romarheimsdalen på Gunnar Stusdal sin eigedom. Vinteren 1990/91 vart den om lag 1,5 km lange løypa, som var opparbeidd på dugnad av skiklubbane i Lindås, teken i bruk. Løypa gav skiinteresserte i laget vårt, ja i heile Lindås, einestående høve til å gå på ski store delar av vinteren og mest årvisst.



ANLEGG

Eit 12,5 meter langt symjebasseng var ein del av idrettsbygget som kom i 1975.

Bassenget har vore mykje i bruk til stor glede for både born og vaksne i bygdene våre.

Dugnad for 110 000 kr

Ved utbygginga av idrettsbana på Ostereidet i 1974-75 utførte Eikanger IL dugnad for om lag 110 000 kr. Dugnaden fordelte seg med 38 000 kr for bygging av veggen mellom ungdomsskolen og barneskulen, 56 000 kr i dugnad knytt til idrettsbana og ca. 16 000 kr er bruk av eigne midlar til lysanlegget.

Ved føringa av dugnadsinnsatsen er det rekna ein timesats på 25 kr for vanleg arbeid, 50 kr når traktor vart brukt og 80 kr timen for gravemaskin.

I 1974 var kostnaden med bana kalkulert til 387 000 kr og bygginga av veggen til ca. 40 000 kr. Lysanlegget kom på ca. 25 000 kr.

I 1993-94 vart stemnekontoret eller sekretariatet bygd på Ostereidet som forlenging av eine fløyen på ungdomsskolen.

ANLEGGGA



Lysløypa på Gamlesætra i Romarheimsdalen gjev nesten årvisst gode treningsforhold i langrenn.

Skianlegget på Gamlesætra er eit samarbeid mellom Knarvik IL, Seim IL, IL Alvidra og Eikanger IL gjennom samarbeidsklubben Nordhordland skiklubb.

Ynskje om ei lengre løype melde seg snart. Noregs skiforbund sin anleggsleiar, Stein Wæhle frå Voss, utforma forslag til ei utviding midt på 1990-talet. Det vart gjort avtalar med grunneigarane om leige av grunn i 40 år. I denne perioden er det Eikanger IL som har driftsansvaret.

Arbeidet med utvidinga starta i november 1997 med rydjing av skog. Anleggsarbeidet kom i gang sommaren 1998. Den nye traseen var stort sett ferdig til vinteren 1998/99, men noko sikrings-arbeid stod att. I 1999 vart den gamle traseen rusta noko opp.

SKILØYPE

Lysløypa vart på ca. 3,5 km etter utvidinga. Løypa er krevjande.

Utvidinga og opprustinga av den gamle delen av løypa var kostnadsrekna til 1,5 mill. kr. Lindås kommune ytte tilskot på 350 000 kr og Hordaland fylkeskommune tildelte 605 000 kr i spelemidlar. Resten vart dekkja med midlar frå idrettslaga og dugnadsinnsats.

Ostereidet idrettspark

Tanken om Ostereidet Idrettspark vart vekt fyrste gongen rundt 1990. Det var tankar om fleire typar anlegg, men ei ny fotballbane var det fyrste laget trong. Hausten 1997 vart det fart att i banepanlegginga, og ein ny banekomité vart oppretta.

I banekomiteen i 1997 vart det avgjort at ein skulle gå for ei kunstgrasbane. Brukstida på ei slik bane er i motsetnad til naturgrasbane nær sagt uavgrensa, samstundes som ho er mykje meir attraktiv enn ei grusbane.

Hausten 1998 vart bana prosjektert og kalkulert. Då sluttsommen på 6 mill. kr kom på bordet var det mange, også i banekomiteen, som drog på smilebandet. Ein fekk merka at det er svært hard kamp om dei politisk løyvde midlane. Etter mykje lobbyarbeid og om og men i dei politiske organa, løyvde Lindås kommune i 1999 tilstrekkeleg midlar til bana over ein 3 års periode. Dei kommunale midlane var viktige for å få spelemidlar.

Arbeidet med å fjerna skog på banegrunden hadde idrettslaget teke til med alt i 1994. I januar 2000 starta sprengings- og gravearbeidet på bana. Den kommunale vegen vart lagt om for å få plass til bana. Jordmassar vart fjerna og 10 000 kubikkmeter stein vart sprengt og planert. Ein stor bekk vart lagt i røyr på langs gjennom bana.

I juni 2000 var bana ferdig grovplanert. I februar 2001 starta arbeidet med slutføringa av bana. Arbeidet med å montera sjølve toppdekket starta 1. mai 2001 og 19. mai i 2001 kunna bana opnast.

Eikanger IL rettar ei særskild takk til Djønne Maskin A/S og Oster Pukk og Sand A/S som gjorde det mogleg å gjennomføra prosjektet. Desse firmaa forskotterte grunnarbeid og leveransar for store summer, og det hadde vore svært vanskeleg å få til det fine anlegget utan deira medverknad.



19. mai 2001 vart kunstgrasbana på Ostereidet opna av Lindåsordførar Odd M. Tøsdal assistert av Per Hølleland (nærast) og Svein Nesbø. (Biletet til høgre.)

Nede til høgre, byggenemnda, frå venstre: Rune Marthinussen, Atle Austrheim (leiar), Åsmund Kleiven, Bjørn I. Rusten, Bjørn Dyrkolbotn og leiar i idrettslaget Jostein Stemland.

Fakta om kunstgrasbana:

Tiltakshavar: Eikanger Idrettslag

Oppmerka

bane: 100 x 64 meter

Planert 72 x 110 m inkl.

areal: tryggingssoner
(totalt 7920 m²)

7-ar baner: 2 stk.

Lysanlegg: 75 lux

Kunstgras-
type: Astro Play kunstgras

(55mm lange splittfiber
fylt med 7 mm sand og
2,8 mm gummigranulat)

Kunstgras-

leverandør: Bresco A/S

Entreprenør: Djønne Maskin A/S

Kostnad: 6 millioner kroner

Eigar: Lindås kommune

Banekomite 1997-2001:

Atle Austrheim (leiar), Åsmund Kleiven,
Rune Marthinussen, Bjørn Ivar Rusten,
Bjørn Dyrkolbotn.

